





KI-notat nr.60/2011 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Døskeland Kraft SUS/Døskeland kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Gaular	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Katarina Eftevand/Ivar Sægrov	Sign.: 
Dato:	01 DES 2011	
Vår ref.:	NVE 200703065-17	
Sendes til:	Søkjar og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til bygging og drift av Døskeland kraftverk i Gaular kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyring og distriktshandsaming.....	4
Søkjar sine kommentarer til høyringsuttalar.....	11
Norges vassdrags- og energidirektorats sine (NVEs) merknader	12
NVE si vurdering	17
NVE sin konklusjon.....	22
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	23

Samandrag

Døskeland Kraft SUS søker om løyve etter § 8 i vassressurslova til utbygging og drift av Døskeland minikraftverk i Stordalselva i Gaular kommune, Sogn og Fjordane fylke. Søknaden er handsama etter reglane i kap. 3 i same lov.

Stordalselva er ei sideelv til Gaularvassdraget som er varig verna mot kraftutbygging i Verneplan IV for vassdrag. I verna vassdrag er det opna for at det kan gjevast konsesjon for utbygging av minikraftverk med inntil 1 MW installert effekt. Det er ein føresetnad for å gi konsesjon at utbygging av kraftverket ikkje kjem i konflikt med vernekriteria.

I grunngevinga for vern av Gaularvassdraget er det lagt stor vekt på kulturlandskapet, naturfaglige verdiar, at vassdraget har stor variasjon i naturtypar og at det representerer ein stor del av variasjonen i Sunnfjord.

Vassdraget er eit godt eigna typevassdrag og har ei rekkje naturfaglege lokalitetar av svært stor verdi. Det vart også lagt vekt på at vassdraget hadde få tekniske inngrep i høve til storleik og geografi og at vassdraget av den grunn har stor referanseverdi.

Prosjektutforminga for Døskeland kraftverk, slik det er omsøkt, går ut på å nytte eit vassfall mellom kote 300 og kote 80. Midlare årsproduksjon er utrekna til 2,9 GWh. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på om lag 730 kW, maksimal slukeevne på 410 l/s og minste slukeevne 40 l/s. Maksimal slukeevne er ca. 50 % av middelvassføringa i Stordalselva. I søknaden er det lagt opp til at det skal sleppast ei minstevassføring til Stordalselva på 100 l/s i perioden frå 1. mai til 30. september og 50 l/s resten av året.

Gaular kommune rår til at det vert gitt konsesjon til Døskeland Kraft SUS. Kommunen er positiv til utbygginga dersom det vert sleppt ei akseptabel minstevassføring som sikrar livet i elva. Det blir peika på at det er viktig at inntaksdammen blir plassert og utforma slik at den ikkje blir dominerande i landskapet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er imot bygging av Døskeland kraftverk. Fylkesmannen meiner at utbygginga kan vere i konflikt med verdiar for landskap og friluftsliv. Fylkesmannen uttalar likevel at dersom det vert gitt konsesjon til Døskeland Kraft SUS, vil det vere viktig å sette vilkår om minstevassføring tilsvarande minst 5-persentilverdiane for sommar- og vintersesong, og at det blir installert omløpsventil. Vidare meiner Fylkesmannen at planlagt maksimalt vassuttak er høgt, og at det kan vere konfliktfylt i eit type- og referansevassdrag. I fråsegna er det også peika på at det må vurderast ei betre plassering av inntaksdam og kraftstasjon.

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt konsesjon for utbygging av det planlagte prosjektet. Fylkeskommunen vurderer tiltaket slik at det vil føre med seg visse økonomiske fordelar og styrke næringsgrunnlaget lokalt. Fylkeskommunen understrekar i tillegg at avbøtande tiltak som sesongtilpassa minstevassføring og ev. omløpsventil vil vere særskild viktig.

Sogn og Fjordane Turlag er imot utbygginga. Turlaget meiner at tiltaket er konfliktfylt i høve til friluftsinteressene og meiner at NVE bør avslå søknaden sidan den gjeld utbygging i eit verna vassdrag.

Statens Vegvesen har ikkje merknader til prosjektet. Dei informerer om vanlege rutinar når det gjeld søknad om etablering av avkøyring, dispensasjon frå byggegrense og ev. kryssing av riksvegen med røyrgate eller kabel.

NVE vurderer det slik at positive verknader ved prosjektet er knytt til fall-/grunneigar sitt ønske om å nytte ressursar på eigedomen for å styrke grunnlaget for busetnad og vidare drift av eigedomen. Prosjektet vil i tillegg gi ei vis auke av fornybar energi.

Utbygging av Stordalselva vil gi ein produksjon på ca. 2,9 GWh/år. Den vil gi grunnlag for lokal verdiskaping i form av inntekter til grunneigarane og næringsaktivitet som kan styrke busetting lokalt, samt skatteinntekter til kommunen. Negative sider ved ei eventuell utbygging vil vere knytt til redusert vassføring på utbyggingsstrekka og tekniske inngrep i terrenget. På eit meir generelt nivå vil inngrep i vassdrag som er verna mot kraftutbygging ofte bli oppfatta som uheldig.

I vurderinga av det omsøkte prosjektet legg NVE stor vekt på at tiltaket ikkje påverkar urørt område og at det ikkje i nemnande grad vil gi verknader som svekkar viktige verneverdiar i vassdraget. Med vilkår om ei sesongtilpassa minstevassføring, god detaljplanlegging og oppfølging i byggetida, meiner NVE at utbygging av det omsøkte kraftverket ikkje vil påverke andre allmenne interesser i nemnande grad og heller ikkje vere i strid med krav i vassressurslova § 35, post 5 og 8..

Etter ei samla vurdering av det omsøkte prosjektet og innkomne fråsegner, finn NVE at fordelane ved det omsøkte tiltaket er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gir i medhald av vassressurslova § 8 Døskeland Kraft SUS løyve til å bygge og drifte Døskeland kraftverk på nærare fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad fra Ingrid Døskeland, datert 01.04.2007:

"Døskeland Kraft (SUS) ønskjer å nytte vassfallet mellom kote 300 og kote 80 i Stordalselva i Gaular kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Døskeland kraftverk

Etter ureiningslova om løyve til:

- gjennomføring av tiltaket

Døskeland kraftverk, hoveddata			
TILSIG		Hovedalternativ	Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	10,5	
Årlig avrenning	mill.m ³	25,8	
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	78	
Middelvannføring	l/s	819	
Alminnelig lavvannføring	l/s	28	
5-persentil sommer (1/5-30/9)	l/s	86	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	31	
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	300	
Avløp	moh.	80	
Brutto fallhøyde	m	220	
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,522	
Slukeevne, maks	m ³ /s el. l/s	410	
Slukeevne, min	m ³ /s el. l/s	40	
Tilløpsrør, diameter	mm	500	
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	1100	
Installert effekt, maks	kW el. MW	730	
Brukstid	timer		
PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,3	
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	1,6	
Produksjon, årlig middel	GWh	2,9	
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad	mill.kr	7,7	
Utbyggingspris	kr/kWh	2,65	

Døskeland kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR		
Ytelse	MVA	0,8
Spenning	kV	0,69
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	0,8
Omsetning	kV/kV	0,69/22
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	km	1
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		

Høyring og distriktshandsaming

NVE har motteke følgjande høyringsuttalar til søknaden:

Gaular kommune har i kommunestyremøte den 22.11.2007 vedtatt følgjande:

"Det faste utvalet for plansaker, Formannskapet, tilrår at det vert gjeve konsesjon for bygging av Døskeland minikraftverk på følgjande vilkår:

- Inntaksdammen må plasserast mest mogeleg skjerma i terrenget.*
- Stordalselva må sikrast ei akseptabel minstevassføring gjennom heile året og den nedre delen av elva må sikrast tilstrekkeleg og stabil vassføring som sikrar gyteområde for laks og aure.*
- Tiltaket må gjennomførast så skånsomt som mogeleg med god terrengtilpassing og bevaring av kantvegetasjon.*
- Tiltaket må byggemeldast etter Plan- og bygningslova i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar.*

Krava må konkretiserast i samband med den vidare handsaminga hjå Norges vassdrags- og energidirektorat og sakshandsaminga etter Plan- og bygningslova."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalte i brev datert 18.10.2007 følgjande:

"Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er konfliktfull i høve til landskap og friluftsliv. Dette er særleg knytt til redusert vassføring i elva og plassering av inntaksdam. Storleiken på utbygginga vil vere negativ for Gaularvassdraget sin verdi som type- og referansevassdrag. Ut i frå verknaden for verneverdiane og allmenne interesser, vil Fylkesmannen rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Døskeland kraftverk.

Døskeland minikraftverk vil nytte eit fall på 220 m i Storelva som renn gjennom Stordalen før den renn ut i elva Gaula. Nedbørsfeltet er 10,5 km², middelvassføringa er på 819 l/s og maks slukeevne er planlagt til 410 l/s. Alminneleg lågvassføring er rekna til 28 l/s, 5-persentil vassføring sommar/vinter er rekna til 86/31 l/s. Kraftverket skal med installert yting på 730 kW etter planen produsere 2,9 GWh årleg. Inntaket til kraftverket er planlagt på kote 300. Røyrsgata på 1100 m vert nedgrave.

Gaularvassdraget vart verna i Verneplan IV for vassdrag. Kraftutbygging som kan vere i strid med Stortinget sine vedtak om vern av vassdrag er ikkje tillate, jf. § 34 i vassressurslova. Dersom omsynet til verneverdiane ikkje talar i mot, kan ein vurdere nye tiltak (også kraftanlegg) – jf. § 35 nr. 5 og § 34, 3. ledd i vassressurslova. Føresetnaden for dette er at tiltaket ikkje er til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. I verna vassdrag skal dei allmenne interessene vege tyngre enn i ikkje verna vassdrag, og det er ein føresetnad at verneverdiane som låg til grunn for vernevedtaket ikkje skal reduserast.

Vurdering: Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere desse sakene i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfri naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderar vi søknaden i høve til lakse- og innlandsfiskeleva og forureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter forureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Landskap og friluftsliv: I verna vassdrag er det eit hovudkriterium at vassføringa skal vere så naturleg som mogleg og vassdraget bør framleis ha sin naturlige dynamikk og funksjon intakt. For verna vassdrag er vektlegging av endringar i vassføringsregimet eit viktig moment i grunnlaget for å vurdere verknadane eit tiltak vil ha på verneverdiane. Denne utbygginga er planlagt med ei slukeevne lik 50 % av middelvassføringa. Etter vårt syn vil ei så stor slukeevne påverke vassdraget sin naturlege dynamikk, og ha negativ verknad for landskapsbildet og friluftslivsinteressene gjennom redusert opplevingsverdi av elva.

Det er knytt store friluftslivsinteresser til Gaularvassdraget og friluftsliv er trekt fram som ein viktig del av verneverdien, både som nærtuområde og tuområde i regional samanheng. Langs vestsida av elva går det ein tursti som har stor verdi som nærtuområde for folk busett i Sande og omegn, spesielt for folk busett i det nærliggande Løfallsfeltet, som er det største bustadfeltet i Sande. Turgåarane kan gå opp og ned stien langs elva, eller som ein rundtur via skogsbilvegen til Stordalen.

Sogn og Fjordane Turlag kommenterar i sin uttale at inntaket er uheldig plassert, ettersom det er plassert godt synleg frå stien som går på vestsida av elva. Vi er einige i at inntaket er godt synleg og at det bør plasserast mindre synleg ved ei ev. utbygging. Turlaget foreslår å trekkje inntaket lenger ned til ca. kote 200. Eit anna mogleg alternativ er å trekkje det noko lenger opp der stien svingar vekk frå elva, slik at det vert mindre eller ikkje synleg frå stien. I differensiert forvaltningsplan for Gaularvassdraget ligg tiltaksområdet i arealklasse 2, som er område med middels grad av menneskeleg påverknad. Småskala vasskraftutbygging kjem i denne arealklassen i forvaltningskategori 3. Dvs. at tiltaket/inngrepet normalt vil vere i konflikt med vernekriteria.

Naturmiljø og biologisk mangfald: I NOU 1991: 12 A "Verneplan for vassdrag IV", er Gaularvassdraget peika ut som aktuelt når det gjeld type- referanse- og brevassdrag (s. 63). Typevassdrag skal innehalde mest mogleg av regionen sine naturtypar og naturformer med plantar og dyreliv. Referansevassdrag skal dekke eit utval vassdrag som er lite påverka av tekniske inngrep, og det er tenkt at desse vassdraga også i framtida skal behaldast mest mogleg intakt. Det er etter vår vurdering heilt sentralt at dei naturlege prosessane og biologisk mangfald i Gaularvassdraget vert minst mogleg påverka av inngrep.

Naturkartlegging utført av Aurland Naturverkstad viser at det påverka området har avgrensa variasjon i naturmiljø. Området er sterkt påverka gjennom treslagsskifte, hogst og skogsvegbygging. Redusert vassføring vil føre til at den biologiske produksjonen av botndyr vil

gå sterkt ned grunna mindre produksjonsareal. I rapporten vert det konkludert med følgjande: "Den største konflikten ligg truleg i den reduserte vassføringa i elva. Nedsett biologisk produksjon vil vera negativt for ymse fugleartar og fisk. Sjølv om det ikkje vart registrert kryptogamartar som er særleg vare for uttørking, så kan det likevel finnast slike.". Det er ikkje registrert raudlisteartar knytt til området. Reduksjon av vassføringa vil vere negativt med tanke på økologisk funksjon og status i elva.

Inngrepsfrie naturområder (INON): På grunn av eksisterande skogsvegar på begge sider av vassdraget vil det planlagde inngrepet ikkje redusere INON-områder.

Fisk og fiske: Gaula har status som nasjonalt laksevassdrag og det vandrar noko laks og sjøaure opp i nedre del av Storelva. Det er usikkert kor langt laks og sjøaure vandrar, men truleg stoppar den i strykpartia like ovanfor planlagt kraftstasjonsplassering. Det er dei nedste delane av Storelva, nedanfor riksvegbrua og spesielt dei flatare partia ned mot Gaula, som har størst verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk. Denne strekninga ligg nedanfor kraftverket og vil bli sikra tilstrekkeleg vassføring. Ved uføresette utfall av kraftstasjonen vil elva nedstraums kraftverket kunne bli tørrlagt slik at fisken strandar. For å unngå dette meiner Fylkesmannen at det må installerast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen. Kapasiteten på ventilen bør vere på om lag halvparten av turbinens største slukeevne. Dersom gyte- og oppvekstområda vert tatt vare på, ved å sikre tilstrekkeleg og stabil vassføring, er tiltaket akseptabelt for fisk og fiskeinteressene.

Ureining, vasskvalitet og støy: Når det gjeld støyvurderingar er kraftverket plassert eit stykke frå bustader og fritidshus. Støy og eventuelle tiltak mot støy bør vurderast. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket etter vår vurdering difor akseptabelt. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan tilhøvet til ureiningslova bli vurdert på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

Landbruk: Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området

Tilråding frå Fylkesmannen: Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er konfliktfull i høve til landskap og friluftsliv. Dette er særleg knytt til redusert vassføring i elva og plassering av inntaksdam. Storleiken på utbygginga vil vere negativ for Gaularvassdraget sin verdi som type- og referansevassdrag. Ut i frå verknaden for verneverdiane og allmenne interesser, vil Fylkesmannen rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Døskeland kraftverk.

Dersom det mot Fylkesmannen sitt råd vert gjeve konsesjon til utbygging, må det skje med lågare vassuttak og ei betre plassering av kraftstasjonen enn i det framlagte prosjektet. Då vil konfliktnivået i høve til landskap og friluftsliv vere monaleg mindre.

Andre krav til ev. konsesjon er at:

- *det må vera minstevassføring minimum tilsvarende 5-persentil vassføring gjennom heile året*
- *inntaket vert gjort minst mogleg synlege med for eksempel forblending*
- *nedre del av Storelva må sikrast tilstrekkeleg og stabil vassføring slik at gyteområda for laks og aure vert teke vare på*
- *det må installerast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen*
- *kantvegetasjon langs vassdraga må takast vare på*

- tiltaka vert gjennomført så skånsamt som mogleg med god terrengtilpassing og – istandsetting så fort som råd.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune uttalte i brev datert 19.11.2007 følgjande:

”Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 14.11.2007, sak 126/07 og det vart gjort slikt vedtak:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt for Døskeland minikraftverk, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.

KONSEKVENSNAR AV TILTAKET, EVT. AVBØTANDE TILTAK

Saksopplysningane nedanfor byggjer på opplysningar i søknadsdokumenta. Aurland Naturverkstad BA har utført naturkartlegging i samband med utbyggingsplan for Stordalselva i Gaular kommune.

Vassføring - Utbygginga vil påvirke vassføringa i elva nedanfor inntaket slik:

Sommar 1.mai - 1.oktober - når tilsiget til inntaket er mindre enn 140 l/s (minstevassføring + minimum slukeevne), vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra. Når tilsiget til inntaket er i området 140-510 l/s, vil vassføringa i elva vere 100 l/s, resten vil gå i røret. Når tilsiget til inntaket er større enn 410 l/s, vil minstevassføringa (100 l/s) pluss den overskytande delen av vassmengda gå i elva.

Vinter 1.oktober-1.mai - når tilsiget er mindre enn 901 l/s, vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra. Når tilsiget til inntaket er i området 90-460 l/s, vil vassføringa i elva vere 50 l/s. Når tilsiget til inntaket er større enn 410 l/s, vil minstevassføringa (50 l/s) pluss den overskytande delen av vassmengda gå i elva. Om lag 23% av middelvassføringa i elva vil bli brukt til kraftproduksjon.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima - *Elva frå Stordalen er ei mindre elv utan brear eller større vatn. Vassføringa varierer raskt med nedbøren og vil normalt vere låg om vinteren og i tørre periodar om sommaren. Høgast vassføring er det i smelteperioden og om hausten. Fråføring av vatn er moderat slik at det ikkje er venta nemnande verknader på vasstemperatur eller lokalklima. Elva har eit jamt bratt fall med liten isproduksjon og tilhøva for islegging, temperatur og vassdekt areal, vil endre seg lite.*

Grunnvatn flaum og erosjon - *Elveløpet har bratt fall på den berørte strekninga. Saman med minstevassføringa vil dette bety at utbygginga ikkje vil få konsekvensar for grunnvatnet. Kraftverket si største slukeevne er 410 l/s og den største simulerte flaumvassføringa for perioden 1961-1990 er 15,5 m³/s (1966). Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig flaumdempande effekt, og på grunn av eit stabilt elveløp, vil den heller ikkje ha konsekvensar for erosjon, biologisk mangfald og verneinteresser. Samla verknad av det planlagde tiltaket er lite/ikkje noko negativt for dei kartlagde naturverdiane.*

Fisk og ferskavassbiologi - *Det finst vanleg småfallen aure i elva og det er truleg at anadrom fisk kan gyte i nedre deler av elva, men dette er i tilfelle avgrensa til ei 50 meter lang strekning målt frå elva siitt utløp i hovudvassdraget. Det er ikkje venta at tiltaket får nemnande konsekvensar.*

Flora og fauna - *Tiltaket er ikkje venta å få negative konsekvensar.*

Landskap - Utbyggingsområdet er prega av treslagskifte til gran, noko som har medført at tidlegare naturverdiar er redusert eller tapt. Fleire skogsveggar er bygd innafor utbyggingsområdet Ein gammal støl er tilplanta av gran. Sjølve elvestrengen i den bratte lia som stort sett utgjer utbyggingsområdet, er prega av mykje svaberg med små fossar og stryk. Dei tekniske anlegga som utbygginga medfører er små og avgrensa og vil ha liten verknad for natur og landskap. Tiltaket vil ikkje medføre tap av inngrepsfri natur-sone.

Kulturminne - Nederst i elva ved Øyrane var det tidlegare eit sagbruk. Murane og ymse anna er framleis godt synlege spor etter denne verksemda. Oppe ved inntaket, ved foten av Steieåsen, ligg ein av dei gamle stølane til Dysjeland, den som vert kalla Gamlestølen. Drifta her vart avslutta i 1950, og stølen vart tilplanta med gran. Granskogen er no hogd og ny gran er planta. Ein kjenner ikkje til at kulturminne vil bli påverka av utbygginga.

Landbruk - Det er ikkje venta nemnande konsekvensar.

Vasskvalitet, vassforsyning og resipientinteresser - Den aktuelle elvestrekninga er ikkje nytta til vassforsyning og det knyter seg ingen resipientinteresser til den berørte elvestrekninga.

Brukarinteresser - Det er ingen fiskeinteresser på den aktuelle elvestrekninga. Det er ikkje venta nemnande konsekvensar for vilt og jakt. Det er bygd skogsveg fram til stølsområdet, og på begge sider er det bygd traktorveggar for uttak av tømmer. Området vert nytta av grunneigar og i andre samband med jakt og bærplukking. Området er lite nytta til turgåing. Det er ikkje venta nemnande konsekvensar.

Samfunnsmessige verknader - Det lokale næringsgrunnlaget blir styrkt og vil bidra til lokal aktivitet. Det offentlege vil få skatteinntekter på ca kr. 100.000 etter nokre år. Tiltaket vil gje ein mindre sysselsettingseffekt i byggetida og 0,2 årsverk i driftsfasen. Ulempene ved tiltaket er vurdert som små.

Konsekvensar av kraftliner - Kraftverket skal knytast til 22 kV nettet på Sande med ein 1 km lang jordkabel. Det er ikkje nødvendig med tiltak i nettet som følgje av utbygginga.

Avbøtande tiltak - Vegetasjonsdekket i rørtraseen skal takast vare på og leggst på grøftraseen for å oppnå rask naturleg utsjånad. Kraftstasjonsbygget skal tilpassast lokal byggeskikk og utførast med torvtak og utvendig trepanel. Det er foreslått slepping av minstevassføring 100 l/s om sommaren i perioden 01.05.-30.09. og 50 l/s om vinteren i perioden 01.10-30.04. Slepping av minstevassføring og moderat turbinslukeevne vil føre til at elva på utbyggingsstrekninga vil ha att mykje av sin naturlege dynamikk og funksjon. Det kan vere aktuelt å installere ein forbisleppingsventil i kraftstasjonen, for å unngå stranding av fisk nedstraums kraftstasjonen ved utilsikta stans.

5. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 2,9 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og til skatteinntekter. Ulempene er knytt til bygningsmessige tiltak og redusert vassføring i Stordalselva.

Automatisk freda kulturminne - Fylkesrådmannen har i dag ikkje kunnskap om registrerte automatisk freda kulturminne (før 1537) i det området som vert råka av tiltaket. Området er vurdert til å ha eit mindre potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, det vil seie spor etter busetnad og erverv frå forhistorisk tid. Fylkeskommunen har difor ikkje avgjerande merknadar til søknaden når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Fylkeskommunen gjer likevel merksam på at det kan ligge automatisk freda kulturminne

innanfor det arealet som søknaden gjeld. Vi ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande : Han har som tiltakshavar plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Fylkeskommunen ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr 58, 2. ledd i Lov om kulturminne. Automatisk freda kulturminne vil i denne samanheng kunne vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen, steinsettingar eller ansamling av stein, samt våpen eller reiskap i metall eller stein.

Kulturminne frå nyare tid - Gamle ræser og stølsvegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar bakkereiner eller andre synlege spor etter tidlegare landbruksaktivitet eller torvtaking i området. Ut i frå søknaden, skal rørgata gravast ned i terrenget. For å få mist mogeleg synelege spor i kulturlandskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking på grøftene. Eventuell overskotsmasse frå nedgraving av rørgata, må plasserast på ein slik måte at den vert lite synleg i terrenget og med naturleg vegetasjon som overdekking.

Samla sett vurderer fylkesrådmannen fordelane som større enn ulempene ved tiltaket og vil difor rå til at konsesjon vert gitt.”

Statens Vegvesen uttalte i brev datert 09.07.2007 følgjande:

” Statens vegvesen har gått gjennom søknaden og vi vil merke at alle avkøyrslø og utvida bruk av avkøyrslø, dispensasjon frå byggegrense (byggegrense riksveg er 50m frå midtline veg) og evt. kryssing av riksvegen med røyrgate el. kabel skal søkjast om på vanleg måte. Ut over dette har ikkje vi merknader.”

Sogn og Fjordane Turlag uttalte i brev av 13.07.2007 følgjande:

” Litt om friluftsliv i det aktuelle området: Utbyggingsområdet er del av dei viktige nærtuområda rundt Sande sentrum. Særleg for dei som bur i det etablerte bustadfeltet Løfallsfeltet, er utbyggingsområdet nær, og ganske mykje brukt. Dei mange intakte og/eller delvis gjengrodde traktorvegane i området er populære turvegar/ turstiar. Frå folk som bur i området, har vi fått opplyst at særleg turstien som går langs vestsida av elva er viktig. Dei opplyste også at elva, som til dels har skore seg godt ned i terrenget, er ein særleg viktig del av (na)turopplevinga på delar av denne stien. Før synfaringa, og før informantane våre visste kvar inntaket var planlagt, fekk vi grundig omtale av ein spesielt fin del av elva der turstien går høgt over, men likevel kloss ved elva. Under synfaringa viste det seg at inntaket for kraftstasjonen er lagt midt i denne spesielt fine delen av elva. Turstien det gjeld, er merka av (stipla) på kartet på side 4 i konsesjonssøknaden.

Omlag halve utbyggingsområdet er markert som lokalt viktig friluftsområde i Fylkesmannen sitt FRIDA-register. Sjå vedlagde kart lasta ned frå www.fylkesatlas.no.

Kommentarar til utbygginga: Slukevna for kraftstasjonen er maksimum 50 % og minimum 4,9 % av gjennomsnittsvassføringa. Minstevassføring: 100 l/sek i perioden 1.5 – 30.9, 12,2 % av gjennomsnittsvassføringa. 50 l/sek i perioden 1.10 – 30.4, 6,1 % av gjennomsnittsvassføringa. For ei vanleg småkraftutbygging, ville dette vore gode tal. Korleis det stiller seg for ei utbygging i eit verna vassdrag, er vi usikre på, ettersom vi har lite erfaring med akkurat slike saker Vi går ut frå at både Fylkesmannen og NVE vil vurdere dette nøye.

Inntak: Etter vårt syn er plasseringa av inntaket svært uheldig, ettersom det er plassert i eitt av dei vakraste partia av elva, og på ein stad der elva er svært godt synleg frå den viktige stien på

vestsida. Fotoet nedanfor er teke medan underskrivne stod på sjølve turstien og tok biletet ned mot inntaksområdet. Den gamle tømmerstokken som ein ser på bortsida av elva bak treet i framgrunnen, er den same som ein ser på høgre side av elva, framfor personen som står der, på fotoet på side 11 i konsesjonssøknaden. (Elva er mindre på dette fotoet.) Den oppstikkande rota på treet som ein ser i høgre biletkant på fotoet i konsesjonssøknaden, skimtar ein også på fotoet nedanfor, omlag midtvegs mellom treet i framgrunnen og høgre biletkant. Biletet på neste side er teke frå same område, men frå motsett side av elva. Kanten av turstien som biletet ovanfor er teke frå, er markert med ein raud strek midt på den øvre delen av biletet. Vårt syn er at eit eventuelt inntak ikkje bør plasserast i denne vakre og svært godt synleg delen av elva, men at det bør flyttast lenger nedover, til ein stad der det vert mindre synleg frå turstien. Synfaringa vår var ikkje så grundig at vi har eit konkret framlegg, men bedømt ut frå kartet, kan vi tenkje oss at ein stad omkring kote 200 vil vere betre. Men dette må vurderast i terrenget. Viss inntaket vert plassert i det området, kan ein vurdere å lage vegen fram til inntaket som ei avgreining frå traktorvegen på vestsida av elva. Det vert vel ca. 60 m ny traktorveg.

Røyrgate/vassveg At heile røyrkata vert nedgreven, er vi godt nøgde med. Vi ber om at det vert lagt til rette for ei rask revegerering av traseen, slik at den ikkje vert synleg i altfor mange år framover. Viss ein flyttar inntaket ned til omkring kote 200, vil det, bedømt ut frå kartet, vere lettare å grave røyrkata ned, fordi ein unngår det svært bratte partiet mellom ca. kote 175 og kote 225 på den konsesjonssøkte traseen.

Kraftstasjonen: Plasseringa og utforminga av kraftstasjonen ser ut til å vere OK, men vi tek atterhald om at synfaringa vår her var for dårleg. Av omsyn til fisken som truleg brukar elva nedstrøms som gyteelv, ber vi NVE vurdere krav om installering av omløpsventil for å unngå stranding av fisk ved stopp i stasjonen. Av omsyn til turgåarar og andre, må det leggjast stor vekt på støydemping av kraftstasjonen.

Krafilinjer: Vi er godt nøgde med at krafilina skal gravast ned!

2.7 Alternative utbyggingsløyser: Ut frå dei opplysningane vi har fått, og ut frå den dårlege og svært synlege plasseringa vi har konstatert at inntaket på kote 300 har fått, vil vi tru at plassering av inntaket lenger nede, til dømes på kote 200, vil vere betre enn plasseringa på kote 300. Men på ein kveldstur hadde vi ikkje tid til å synfare heile strekninga, så det er mogeleg at dei skisserte alternative inntaksplasseringane er enda dårlegare enn kote 300. Ettersom kote 300 er for dårleg, bør i så fall elva ikkje byggast ut! Vi ber NVE vurdere dette.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

3.5 Fisk og ferskvassbiologi: Elva oppstrøms inntaket og oppover Stordalen er verdfull som fiskeplass for born, men strekninga mellom inntaket og kraftstasjonen har truleg liten verdi. Det største mogeleg konfliktpotensialet for fisk er derfor nedstrøms kraftstasjonen, og installering av omløpsventil må vurderast.

3.8 Kulturminne: Av konsesjonssøknaden går det fram at det langs elva er fleire kulturminne, til dømes restar etter eit sagbruk. Vi går ut frå at alle delar av det planlagde anlegget vert plasserte slik at det ikkje blir direkte konflikt med dei aktuelle kulturminna.

3.11 Brukarinteresser/Ferdsel og friluftsliv: Det som står under dette punktet er dessverre sterkt misvisande. Som alt nemnt er utbyggingsområdet del av dei viktige nærtuområda rundt Sande sentrum, og ganske mykje brukt. Frå turstien (er den der samanfallande med den gamle stølssstien?) på vestsida av elva er det direkte innsyn på skrå rett ned på det planlagde inntaksområdet. Utbygginga er etter vårt syn i klår konflikt med friluftslivinteressene.

4. Avbøtande tiltak/Minstevassføring: Vi ber NVE vurdere om minstevassføringa bør aukast noko om sumaren, til dømes til 200 l/sek. Om vinteren synest den for oss tilfredsstillande.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Ut frå konflikten med friluftsinteressene og i tillegg ut frå at dette gjeld utbygging i eit verna vassdrag, går vi mot utbygginga slik den er konsesjonssøkt.

For oss kan det sjå ut som det er mindre konfliktfylt å flytte inntaket lenger nedover elva, til dømes til omkring kote 200. Men viss det er rett (jf. konsesjonssøknaden side 19, punkt 2.7.) at dei vurderte alternative inntaksplasseringane vil føre til større miljøinngrep enn inntak på kote 300, går vi mot heile utbygginga. Vi ber NVE vurdere om utbygginga vert miljømessig akseptabel viss inntaket vert flytta lenger ned.”

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 09.06.2008 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

”...Generelt:

Søkjar har brukt området mykje til tur og bærplukking. I tillegg driv vi næring basert på jakt, fiske og skogsdrift i området. Det er difor i høgste grad i søkjar si interesse at inngrepet som følgje av ei eventuell utbygging vert så skånsomt som mogeleg.

For tida er det to andre utbyggingssaker i området. Regulering av industriareal –jmf. Støyvurderingar frå kraftverket. I tillegg er det søkt bygd ei ny 132 kV kraftlinje som kryssar Gaula der Stordalselva renn ned og med stolpe plassering nær vår planlagte kraftstasjon. I tillegg er søkjar på planleggingsstadiet med eit kombinert kraftanlegg med biomasse, og å bruke spillvarme fra vasskraft-produksjon til tørking av flis, og å kombinere dette med en eventuell pelletsproduksjon.

Kommentarar knytt til dei ulike høyringsfråsegnene:

1. Statens Vegvesen.

Søkar har ingen kommentar.

2. Sogn og Fjordane Turlag

Søkjar først kommentere bruk av anonym kjelde i høve kor mykje brukt området er av turgåarar. Søkjer meiner at den som gjer ei vurdering i høve graden av bruk, bør kunne forsvare utsegnen med konkrete døme. I høyringsfråsegnet vert det ved to høve hevda at området er viktig som nærturområde og at det er ”ganske mykje brukt”. Vurderinga er gjort etter samtalar med ein lokalkjend person, men etter samtalar med Melvær kom det fram at det lokale turlaget (Indre Sunnfjord Turlag) ikkje har dette som eit prioritert område, slik at det ikkje var nokon ”vits i at ein tok kontakt med dei”.

Vi brukar dette området sjølv, både til turbruk og i samband med utleige av jakt og vil hevde at inngrepet ikkje vil føre til at dette området vil verte skadelidande av at ein har inntaket der det er planlagt.

Ein har likevel opplyst Melvær om at dersom det er interessant for det lokale turlaget, og konsesjon for bygging vert gjeve, ynskjer ein å gå i dialog om korleis avbøtande tiltak ein kan gjere for at inntaket skal verte mest mogeleg skjerma i terrenget. Ein håper også at det lokale Turlaget ynskjer å bli med på sluttsynfaringa i lag med NVE og søkjar.

3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen vurderer at denne utbygginga er konfliktfull i høve til landskap og friluftsliv. Dette er særlig knytt til redusert vassføring i elva og plassering av inntaksdam. Fylkesmannen refererer i sin uttale til Sogn og Fjordane Turlag si uttale med hensyn til bruk av området, sjå kommentarar knytt til dette under pkt. 2. I tillegg vil vi anmerke at det som blir referert til som ein tursti, er ein skogsveg som er ein del av skogsvegnettet på eigedomen. Ein finn det og merkeleg at Fylkesmannen refererer til "turstien" som at den har stor verdi som nærturområde for Løfallsfeltet.

4. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane

Søkar har ingen kommentar.

5. Gaular Kommune

Søkar har ingen kommentar."

Norges vassdrags- og energidirektorat sine merknader

Om søkjar

Døskeland Kraft (SUS) står som søkjar og vil forestå utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er eit privat aksjeselskap eigd av dei grunneigarane som har fallrettane i prosjektet.

Om søknaden

Søknaden gjeld løyve etter § 8 i vassressurlova til å bygge og drifte Døskeland kraftverk. Eigaren ønskjer å utvikle Døskeland gard med vekt på skogsdrift, fornybar energi (bioenergi og vasskraft), utleige av jakt og fiske og næringsutvikling knytt til dette. Føremålet med tiltaket er å styrke næringsgrunnlaget på garden.

Omtale av området

Gaularvassdraget ligg i Gaular kommune i Sogn og Fjordane. Nedbørfeltet omfatter både høgfjell med breområde og lågland. Gaula renn mellom dei markerte fjelltoppene Selstadheia i sør og Kjelstadnakken i nord. Gaula har sitt utspring fra området sør for Søgnesandnipa sør for Kjøsnesfjorden i Jølster. Frå dette området renn elva vestover i dalføret med fleire mindre innsjøar før Haukedalsvatnet og vidare til Viksdalsvatnet der vassdraget møter den sørlegare hovedgreina som kjem frå Gaularfjellet med deler av det øvre nedbørfeltet i Balestrand kommune. Vestover frå Viksdalsvatnet renn elva gjennom Hestadfjorden og Nesavatnet før elva renn ut i Haukevatnet ovafor Sande som er kommunesenteret i Gaular. Stordalselva er ei sideelv som renn saman med hovudvassdraget ved Døskeland om lag 1 km vest for Sande.

Eksisterende inngrep i og ved Stordalselva

Elva får tilsiget frå Stordalen og omliggande fjellområde. Dei øvre delane av nedbørfeltet er prega av snaufjell, småvatn og myr. Midtre delar av nedbørfeltet er prega av støylsbruk og skogbruk med skogsveg fram til kote 427. Nedre delar av nedbørfeltet og området ved det planlagde inntaket på kote 300 er prega av plantemark, skogbruk og hogst. Det finns ei rekke skogsveggar for uttak av tømmer i influensområdet. Det ligg ei skytebane ca. 1 km aust for der den planlagte kraftstasjonen er tenkt plassert.

Teknisk plan

Inntak

Inntak vert plassert på kote 300 og er planlagt utført som eit tradisjonelt bekkeinntak med inntaksbasseng på 300 m³ i volum og betongterskel over elveløpet på ca. 3 m i høgde.

Rørgate

Driftsvatnet vert ført ned til kraftstasjonen i eit 1100 m langt røyr med ca. 500 mm i diameter. Røyrret vert nedgravd i grøft på heile strekninga og overfylt med lausmasser. Traseen går i skogsterreng og delvis ved ny og eksisterande skogsveg.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert plassert på kote 80 og avløpet vert ført tilbake til elva gjennom ein kort kanal. Kraftstasjonsbygning får eit areal på ca 50 m².

Elektriske anlegg

Det er planlagt installert ein Peltonturbin med maksimalt effekt 730 kW og maksimal slukeevne på 410 l/s. Det er planlagt ein lågspentgenerator med effekt 800 kVA og ein hovudtransformator med effekt 800 kVA og transformering frå generatorspenning til 22 kV. Døskeland kraftverk vært knytt til det eksisterande 20 kV nettet med ein 1000 meter lang jordkabel fram til høgspent nettstasjon ved industriområdet nær Sande sentrum.

Vegar

Det er trong for om lag 100 m ny permanent veg fram til inntaket. Vegen vil bli ei avgreining frå eksisterande skogsveg. Til kraftstasjonen vert det bygd ca. 200 m ny veg som forlenging av eksisterande veg til skytebana.

Massetak og deponi

Tiltaket medfører ikkje massetak eller deponi.

Hydrologiske verknader

Nedslagsfelt til kraftverket er ca 10,3 km², og normaltilsiget for perioden 1968-2004 er utrekna til 819 l/s, som gir eit årstilsig på 25,8 mill.m³. Alminneleg lågvassføring er berekna til 28 l/s. Søkjar legg opp til ei minstevassføring på 50 l/s om vinteren og 100 l/s om sommaren (5-percentil for sommar/vinter er utrekna til 86/31 l/s).

Det hydrologiske grunnlaget er NVE sitt isohydatkart med middels årsavrenning for perioden 1961-1990 og vassmerke 080.4 Ullebøelv.

Produksjon og kostnader

Søker har rekna ut gjennomsnittleg kraftproduksjon i Døskeland kraftverk til ca. 2,9 GWh fordelt på 1,3 GWh vinterproduksjon og 1,6 GWh sommarproduksjon. Byggekostnadene er estimert til ca. 7,7 mill. kr. Dette gir ein utbyggingspris på 2,65 kr/kWh.

Det vil vere søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemda i prosjektet. NVE har ikkje vesentlege merknader til utrekningane.

Arealbruk og eigedomsforhold

For å gjennomføre utbygginga vil det vere trong for areal til midlertidige (23,5 daa) og permanente (2 daa) anlegg. Dei midlertidige anlegga vil bli sett i stand når arbeidet er ferdig.

Alle fallrettar og grunnrettar som vert nytta er i privat eige og tilhøyrrer søkjar som vil stå føre utbygginga gjennom selskapet Døskeland Kraft SUS. Aksjeselskapet vil inngå avtaler om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.

Desse eigedomar i Gaular kommune vert berørt: Gnr 85 bnr 1 og 2 eigd av Ola Døskeland, 6973 Sande i Sunnfjord.

Forholdet til offentlige planer

Kommuneplan/verneplan

I 1996 vart det utarbeidd ein kommunedelplan med nemninga ''*Differensiert forvaltning av Gaularvassdraget*'' for kommunane Balestrand, Førde og Gaular. Vassdraget er inndelt i tre klassar: Klasse 1 er område med høg grad av menneskeleg påverknad, klasse 2 er område med middels grad av menneskeleg påverknad og klasse 3 er område med liten grad av menneskeleg påverknad. For kvar klasse er det utarbeidd 4 forvaltningskategoriar: Frå (1) tiltak/inngrep som normalt kan gjennomførast til (4) tiltak/inngrep som er i konflikt med vernekriteria.

Utbyggingsområdet for Døskeland kraftverk ligg i område 2 og minikraftutbygging er lista opp i forvaltningskategori 3, dvs tiltak/inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernekriteria.

Verneplan for vassdrag

Gaularvassdraget er verna i Verneplan IV for vassdrag. Dette ble gjort gjennom vedtak i Stortinget i 1993. Vedtaket inneber i utgangspunktet at heile nedbørfeltet til vassdraget er verna mot kraftutbygging. Det er også gitt rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag med heimel i plan- og bygningslova. Desse gir klare føringar til offentlig forvaltning om å ta vare på verneverdiane i dei verna vassdraga, også med omsyn til andre tiltak enn kraftutbygging.

Kommunane Balestrand, Førde og Gaular utarbeidde etter vernevedtaket ein felles kommunedelplan for differensiert forvaltning av vassdraget som vart vedtatt av kommunane i 1996.

Hovudmålet med planarbeidet var:

- 1) *Få ein god og samordna forvaltning av Gaularvassdraget der omsynet til natur og kulturfaglege verdiar er grunnlaget for forvaltninga.*
- 2) *Få ei sams forståing av felles forvaltningsreglar på tvers av forvaltningsnivå og kommunegrense.*
- 3) *Informere om verdiane i vassdraget og om korleis ulike tiltak/inngrep vil kunne bli vurdert.*
- 4) *Leggje til rette for god og balansert utnytting av ressursane i området.*

I forvaltningsplanen, kap. 3.1, **Verdiar og særtrekk** er gitt slik omtale:

"Gaularvssdraget som er om lag 70 km langt er det lengste låglandsvassdraget på Vestlandet og har eit variert natur- og kulturlandskap. Arealbruken har gjennom generasjonar forma arealbruks-mønsteret som er i kontinuerleg endring. Lauvskoglier, beitemark og produktive jorbruksareal er sentrale landskapselement saman med vasstrengen. Kulturlandskapet og kulturminna vitnar om og fortel om mangslungen ressursbruk. Spesielt kan utnytting av vasskraft ved vassdrevne anlegg i mange variantar nemnast.

Gaula med sine 29 markerte fossefall, mange strie stryk, vassbasseng og loner, er livsnerven gjennom landskapet frå bre til hav. I øvre del av Haukedalsgreina er vassdraget innlemma i Jostedalsbreen nasjonalpark, medan Eldals-greina har sitt utspring i Jostefonn på Gaularfjellet. I Haukedalsgreina er rike lauvskogslir med ei rekke spurvefuglar, hønefuglar, rovfuglar og ugler godt representert. Ved Grønengstølsvatnet finn ein delta med utprega flaummarkslandskap.

Osen, der Gaula munnar ut i Dalsfjorden, er kjent for både kulturhistoriske- og naturfaglege verdiar. Ved Osfossen finn vi den eldste laksetrappa i landet. Osen er også eit av dei få utlaups-delta i fylket som framleis ligg tilnærma urørt utan større inngrep. Forutan Osen har ein våtmarkslokalitetar som Bringelandsvatnet og Espelandsvatnet. Gaularvassdraget har høg biologisk produktivitet og vert mykje nytta til fiske etter aure og laks. Friluftskvalitetane i vassdraget er store og varierte, og spesielt kan Langeland og Gaularfjellet nemnast som mykje nytta friluftsområdet.

Kjelde for verdireferansane i planene er Verneplan IV, NOU 1991, Samla Plan 1984, EDNA (fm i S og Fj 1992) og Frida (fm i S og FJ 1994)."

I den differensierte forvaltningsplanen er det gjort ei inndeling for heile vassdraget med nedbørfeltet i 3 arealklassar. Det er vidare med retningslinjer for individuell skjønnsmessig vurdering av ulike tiltak/inngrep som er kategorisert frå 1 til 4 der kategori 4-tiltak i klasse 3 gir størst konflikt.

Etter planen for differensiert forvaltning av vassdraget ligg utbyggingsstrekka i Stordalselva i klasse 2. Vasskraftutbygging (småskala) i klasse 2 er i planen gitt kategori 3 som er definert slik:

"3 = Tiltak/inngrep som normalt vil være i konflikt med vernekriteria."

I grunngevinga for vern av Gaularvassdraget er det lagt vekt på naturfaglige verdier og at vassdraget har stor variasjon i naturtypar og representerar ein stor del av variasjonen i Sunnfjord. Vassdraget er et godt eigna typevassdrag og har ei rekkje naturfaglege lokalitetar av svært stor verdi. Det vert også lagt vekt på at vassdraget hadde få tekniske inngrep i høve til storleik og geografi og at vassdraget av den grunn har stor referanseverdi. Botaniske verdier, fauna, kulturminneverdier, friluftssinteresser og landbruksinteresser er også lagt vekt på i grunngevinga for vernet.

Gjennom handsaminga av St. prp. nr 75, (2003-2004), som er ei supplering til verneplanane, vart det vedtatt at det skal kunne gis konsesjon for vasskraftanlegg med yting inntil 1 MW i verna vassdrag. Ein føretsetnad for at det skal kunne gis konsesjon er at verneverdiane ikkje blir svekka, jf. vassressurslova § 35, post 5.

Inngrepsfrie områder (INON)

Omsøkt tiltak ligg utanfor grensene for inngrepsfrie område.

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg vart søknaden sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt berørte partar for uttalelse. NVE var på synfaring i området saman med representantar for søkjaren og Sogn og Fjordane Turlag. Høyringsuttalane er lagt fram for søkjaren for kommentar.

Gaular kommune rår til at det vert gitt konsesjon til Døskeland Kraft SUS. Kommunen er positiv til utbygginga dersom det vart sleppt ei akseptabel minstevassføring som sikrar livet i elva. Det blir peika på at det er viktig at inntaksdammen blir plassert og utforma slik at den ikkje blir dominerande i landskapet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er imot bygging av Døskeland kraftverk. Fylkesmannen meiner at utbygginga kan vere i konflikt med verdiar for landskap og friluftsliv. Fylkesmannen uttalar likevel at dersom det vert gitt konsesjon til Døskeland Kraft SUS, vil det vere viktig å sette vilkår om minstevassføring tilsvarande minst 5-persentilverdiane for sommar- og vintersesong, og at det blir installert omløpsventil. Vidare meiner Fylkesmannen at planlagt maksimalt vassuttak er høgt, og at det kan vere konfliktfylt i eit type- og referansevasdrag. I fråsegna er det også peika på at det må vurderast ei betre plassering av inntaksdam og kraftstasjon.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune rår til at det vart gitt konsesjon for utbygging av det planlagte prosjektet. Fylkeskommunen vurderer tiltaket slik at det vil føre med seg visse økonomiske fordelar og styrke næringsgrunnlaget lokalt. Fylkeskommunen understrekar i tillegg at avbøtande tiltak som sesongtilpassa minstevassføring og ev. omløpsventil vil vere meget viktig.

Sogn og Fjordane Turlag er imot utbygginga. Turlaget meiner at tiltaket er konfliktfylt i høve til friluftinteressene og meiner at NVE bør avslå søknaden sidan den gjeld utbygging i eit verna vassdrag. Dersom inntaket vert flytta lenger vekke frå turstien er turlaget meir positivt innstilt til søknaden.

Statens Vegvesen har ikkje merknader til prosjektet. Dei informerer om vanlege rutinar når det gjeld søknad om etablering av avkøyring, dispensasjon frå byggegrense og ev. kryssing av riksvegen med røyrgate eller kabel.

Verknader som tiltaket kan medføre - Fordelar og skader/ulempar

Nedanfor er det gitt ei oversikt over kva NVE vurderer som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordeler

- Prosjektet vil i følge søknaden gi ca. 2,9 GWh i ny årleg fornybar energiproduksjon.
- Prosjektet kan gi både lokalt og regionalt energitilskott og bidra med inntekter til grunneigarar, gi auka næringsgrunnlag og bidra til å styrke den lokale busettinga.

Ulemper

- Utbygging og drift av kraftverket vil medføre redusert vassføring i Stordalselva
- Dei tekniske inngrepa vil i noko grad redusere opplevinga av elva med nærområdet i anleggsfasen

NVE si vurdering

Søknaden gjeld utbygging og drift av eit minikraftverk i Stordalselva som er ei sideelv til Gaularvassdraget som er med i verneplan IV for vassdrag..

Dersom det skal gis konsesjon for å bygge nye kraftverk i verna vassdrag er det fastsett grense for at installert effekt ikkje skal vere større enn 1 MW. Vidare skal det ved ein konsesjon være gjort etter ei vurdering av verdiane i vassdraget med grunngjeving for kvifor desse verdiane ikkje vært svekka, jf. vassressurslova § 35, post 5 og 8. Om desse krava er oppfylte skal vassdragsstyresmakta foreta ei vurdering av om fordelane av tiltaket er større enn ulempe for private og allmenne interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Det kan i så fall gis løyve i medhald av vassressurslova § 8. Til slikt løyve skal det stillas vilkår for utbygging og drift.

Drøfting av relevante kriteria:

Hydrologi

Karakteristisk for nedbørfeltet er store skiftingar i avrenningstilhøva, frå rask stigning av vasstanden med ofte svært stor avrenning, til meir stabil og låg vassføring. Flaumar kan inntreffe til alle årstider. I søknaden slik den nå ligg føre er det lagt til grunn ei maksimal slukeevne på 410 l/s eller om lag 50 % av midlare vassføring. Alminneleg lågvassføring er utrekna til 28 l/s. 5-persentil vassføring sommar/vinter er rekna til høvesvis 86/31 l/s. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring om sommaren på 100 l/s og 50 l/s om vinteren. Utnyttinga av vassressursen vil gjennom året utgjere ca. 23 % av samla tilsig i eit midlare år.

NVE ser det slik at det for verna vassdrag er spesielt viktig at vassuttaket må vurderast i høve til elva sin eigen karakteristiske avrenningsprofil gjennom året. Typisk for Stordalselva er stor vassføring frå snøsmeltinga startar om våren og fram til juli månad. For resten av året vil det i periodar vere god vassføring både gjennom haust og vinter. Stordalselva har ein avrenningsprofil som er meir typisk for kystnære vassdrag enn hovudelva som har relativt større andel av nedbørfelt som er høgtliggjande med større snømagasin.

NVE meiner på generelt grunnlag at det i eit verna vassdrag er viktig å oppretthalde ei restvassføring som sikrar at elva framleis framstår som hovudelementet i vassdragsnaturen, og samstundes bør slukeevna i kraftverket ikkje vere større enn at det framleis vil vere lengre periodar med overløp på inntaksdammen. Avgrensa maksimal slukeevne vil saman med vilkårsfesta minstevassføring sikre ein viss variasjon og dynamikk i elva. For Stordalselva vurderer NVE det slik at planlagt avgrensing i vassuttak og differensiert minstevassføring sommar og vinter vil gi ei akseptabel restvassføring på utbyggingsstrekka.

Type- og referansevassdrag

I grunngjevinga for vern av Gaularvassdraget er det lagt vekt på naturfaglege verdiar og at vassdraget har stor variasjon i naturtypar og representerar ein stor del av variasjonen i Sunnfjord. Vassdraget er eit godt eigna typevassdrag og har ei rekkje naturfaglege lokalitetar av svært stor verdi. Det vart også lagt vekt på at vassdraget hadde få tekniske inngrep i høve til storleik og geografi og at vassdraget av den grunn har stor referanseverdi.

Fylkesmannen har i si fråsegn peika på at storleiken på planlagt utbygging vil vere negativ for Gaularvassdraget som type- og referansevassdrag.

NVE deler oppfatninga av at utbyggingsprosjekta også skal vurderast i høve til om dei vil gi negative verknader slik Fylkesmannen er inne på. Døskeland kraftverk er planlagt som eit minikraftverk med installert effekt på 730 kW. Maksimal slukeevne er 410 l/s som utgjer ca 50 % middelvassføringa gjennom året. Samla utnytting av vassressursen er utrekna til ca. 23 %.

Drøfting av teknisk dimensjonering av kraftverk med utgangspunkt i hydrologiske data for vassdraget, er viktig for å finne ei forsvarleg økonomisk dimensjonering av kraftverket. Med energilova frå tidleg på 1990-talet, som ga grunnlag for ny stor aktivitet med bygging av småkraftverk og fleire verneplanar for vassdrag, melde det seg ei utfordring til forvaltninga om å konkretisere nokre dimensjonerende rammer for nye kraftprosjekt i verna vassdrag. For verna vassdrag vert satt ei grense for utbygging ved om eit prosjekt var konsesjonspliktig eller ikkje. Forvaltningspraksis vert knytt til at det var mogleg å få konsesjonsfritak dersom alminneleg lågvassføring ikkje skulle nyttast og maksimal slukeevne vert sterkt avgrensa. Øvre rammer her var typisk ein maksimal slukeevne frå 15 - 25 til 40 % av middelvassføring. Til samanlikning vil ofte maksimal slukeevne/vassuttak i reine elvekraftverk utan reguleringsmagasin i ikkje verna vassdrag, ligge på 150 – 250 % av middelvassføringa.

For Døskeland kraftverk vil eit vassuttak slik det er søkt om vere større enn det som har vore vanleg praksis for anlegg som har blitt fritatt for konsesjon i verna vassdrag. Opning for konsesjonshandsaming gir ei vesentleg breiare vurdering av verknadsområder for almenne interessar og det gir rom for å kunne fastsette vilkår for gjennomføring av utbygging og drift av anlegga.

For Døskeland kraftverk er det lagt opp til ei relativt god minstevassføring, og NVE vurderar det slik at planlagt bruk av vassressursen er forsvarleg innafor ramma av det som kan akseptast i verna vassdrag. NVE legg her vekt på at verknader på vassføringsregime på utbyggingsstrekka, ikkje vil vere større enn det som ofte vil være resultatet av naturlege variasjonar i tilsiget frå år til år. Det er såleis NVE si vurdering at utbygging av det planlagte minikraftverket ikkje i nemnande grad endrar Gaularvassdraget sin verdi som type- og referansevassdrag.

Biologisk mangfold

Forholdet til naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova vert gjort gjeldande frå 1. juli 2009. Lova fastsett forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem og lovfestar ei rekkje miljørettslege prinsipp, mellom anna "føre-var"-prinsippet, prinsippet om økosystemforvaltning og samla påverknad. Naturmangfoldlova legg føringar for styresmakter der det vert gjeve løyve til anlegg som vil kunne få verknad for naturmangfoldet. Etter NVE sitt syn blir formålet i naturmangfoldlova i praksis ivaretatt gjennom dei grundige prosessane og vurderingane som ligg til grunn for eit konsesjonsvedtak etter vassressurslova.

I NVE si vurdering av søknaden om utbygging av Døskeland kraftverk legg vi til grunn krava etter §§ 4,5 og §§ 8-12. Eit positivt vedtak må bygge på at fordelar og nytte av å gjennomføre tiltaket blir vurdert til å vere større enn skade og ulempe for allmenne og private interesser. Verknader som tiltaket kan medføre for naturmangfoldet er eit sentralt tema i denne vurderinga.

Økosystemforvaltning og samla belastning

§ 10 i Naturmangfoldlova fastsett prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. I dette ligg krav om kunnskap også om andre tiltak og verknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den

samla belastninga, jf. også formuleringa i § 8 om "*effekten av påvirkninger*". I vurderinga av samla belastning skal det både takast hensyn til allereie eksisterande inngrep og forventa framtidige inngrep.

I NVE si vurdering blir det lagt vekt på følgjande frå rapport om biologisk mangfald som ligg ved søknaden:

"Utbyggingsområdet er noko prega av tidlegare inngrep, mest i form av granplanting/treslagskifte, men også mange skogsvegar er bygd innan utbyggingsområdet. Dei nye inngrepa vil i hovudsak råka område som tidlegare er påverka av menneskelege aktivitetar. Tiltaket vil medføre sterk reduksjon i vassføringa i elva, samt inngrep i marka i form av røyrgate og litt nye vegar. Nokon andre negative verknader ser ein ikkje at tiltaket har for naturen her.

***Samla verknader** av det planlagde tiltaket vert vurdert som lite /ikkje noko negativt for dei kartlagde naturverdiane".*

Det er ikkje funnet særskilde artar eller naturtypar som vert råka av ei ev. utbygging. NVE vurderar at restvassføringa saman med ei relativt stor minstevassføring vil være tilstrekkeleg til å sikre verdier knytt til naturtypar og fuktrevjande miljø i og langs elva.

På bakgrunn av dei drøftingar som er gjort ovanfor meiner NVE at den planlagte utbygginga ikkje vil kunne føre til vesentlege endringar av økosystemet i utbyggingsområdet over tid. NVE meiner difor at krava i naturmangfaldlova §§ 4,5 og §§ 8-10 er ivareteke, medan §§ 11 og 12 kan handsamast i ein ev. konsesjon ved fastsetting av vilkår.

Fisk og ferskvannsbiologi

Stordalselva har eit oppgangshinder for anadrom fisk ved det gamle sagbruket som ligg nedanfor kraftstasjonen. For elvestrekkja frå kraftstasjonen og ned til samløpet med Gaula, vil utbygginga ikkje gi vesentlege endringar i vassføringa, og NVE kan ikkje sjå at utbygginga vil påverke bestand av stasjonær innlandsaure eller anadrom fisk. På sjølve utbyggingsstrekkja vil det til ei kvar tid vere så stor minstevassføring/restvassføring at levevilkåra for innlandsfisk blir lite endra.

Krav om ei relativt stor minstevassføring saman med moderat maksimal slukeevne og forbisleppingsventil i kraftstasjonen, vil etter NVE si vurdering sikre at tilhøva for fisk på den anadrome strekkja heller ikkje i nemnande grad blir endra.

Landskap

Vektlegging av kulturlandskapet var eit viktig omsyn i grunngjevinga for vern av Gaularvassdraget.

Vassdragsavsnittet for utbyggingsprosjektet med tilstøytande areal, er dominert av skogsdrift med aktiv hogst og utplanta granskog.

På utbyggingsstrekkja fylgjer elva eit løp som delvis ligg slik til at det er lite synleg, og NVE vurderer det slik at elvestrekkja som landskapselement har avgrensa verdi. Redusert vassføring etter utbygginga vil ikkje i nemnande grad medføre negative verknader for landskapsopplevinga.

Det er ikkje dokumentert eller fokusert på at det vil vere konflikt med andre viktige nærare definerte kulturlandskapselement.

Det har i høyringsfråsegner, m.a. frå Sogn og Fjordane turlag og Fylkesmannen, blitt peika på at plasseringa av inntaksdammen må vurderast nøye, eventuelt bør den flyttast lenger nedover. NVE vurderer det slik at den aktuelle dammen er eit lite byggverk, og den er gunstig plassert for tilkomst frå

eksisterande skogsveg både ved oppbygging og seinare drift. Flytting av dammen lenger ned vil i praksis medføre at dammen blir større, og det må gjerast utvidande inngrep i terrenget. Detaljar for ei god utforming av damanlegget vil vere ein del av detaljplanen for anlegget. Traseen for røyrgata frå planlagt damplassering og ned til kraftstasjonen vil i hovudsak fylgje eksisterande skogsveg og såleis ikkje medføre nye større varige terrenginngrep.

Kulturminner

Det er ikkje registrert kulturminne som utbygginga vil komme i konflikt med. NVE viser her til fylkeskommunen si fråsegn:

"Nederst i elva ved Øyrane var det tidlegare eit sagbruk. Murane og ymse anna er framleis godt synlege spor etter denne verksemda. Oppe ved inntaket, ved foten av Steieåsen, ligg ein av dei gamle stølane til Dysjeland, den som vert kalla Gamlestølen. Drifta her vart avslutta i 1950, og stølen vart tilplanta med gran. Granskogen er no hogd og ny gran er planta. Ein kjenner ikkje til at kulturminne vil bli påverka av utbygginga".

Det er her NVE si vurdering at konsesjonæren sitt ansvar for å følge opp generelle krav etter kulturminnelova skal vere med som eit av vilkåra i ein konsesjon for ei eventuell utbygging.

Landbruk

NVE ser ikkje at utbygginga vil medføre nemnande negative verknader. Søkjar har argumentert med at tiltaket vil utvide og styrkje grunnlaget for framtidig drift av gardsdrifta som omfattar både jord- og skogbruk.

Brukerinteresser

Det er NVE si vurdering at det er avgrensa fiskeinteresser på den aktuelle elvestrekninga, og det er ikkje venta at utbygginga vil gi nemnande negative verknader. Det same gjeld for vilt og jakt.

Det er bygd skogsveg fram til stølsområdet, og på begge sider er det bygd traktorveg for uttak av tømmer. Området vært elles nytta av grunneigar og andre i samband med jakt og bærplukking. NVE oppfattar det slik at området er nytta noko til turgåing, men at omfanget av dette er avgrensa. Området ligg heller ikkje innafor områder som i verneplanen er framheva som spesielt viktige for friluftsliv.

Samfunnsmessige verknader

Fylkeskommunen rår til at det vert gitt konsesjon og legg i si tilråding vekt på dei økonomiske fordelane ved ei utbygging og energiproduksjon på 2,9 GWh/år.

NVE ser det også slik at produksjon av fornybar energi og styrking av næringsgrunnlaget for søkjar og dermed eit muleg bidrag til å styrke grunnlaget for framtidig busetnad, vil vere positive samfunnsmessige verknader ved ei ev. utbygging av Døskeland kraftverk. Lokal verdiskapning i anleggsperioden er også, etter vårt syn, ein verdi som kan tale for utbygging.

Sumverknader

Med grunnlag i Stortinget sine føringar gjennom vedtak av verneplanane og i høve til desse vassdraga sin plass i vassressurslova, er det naudsynt at forvaltninga gjennom sin praksis gir relativt klare signal både om retningslinjer for vurdering av einskilde prosjekt, men også om vurderingar og signal knytt til

eventuelle grenser for kva omfang utbygging av små kraftverk i verna vassdrag kan få. Det vil såleis for einskilte vassdrag, vassdragsområde eller vassdragsavsnitt vere naudsynt at det blir gjort vurderingar både på konkrete verknader ved dei einskilte utbyggingstiltaka og samla verknader ved fleire tiltak.

For konsesjonsfrie kraftverk er det tidlegare etablert ein praksis der det blir gjort vurderingar retta mot summen av uheldige inngrep/verknader ved utbygging i verna vassdrag.

NVE meiner at slike vurderingar i like stor grad vil vere aktuelle for konsesjonssøkte minikraftverk, og at det ved ei slik vurdering blir summen av verknader både ved konsesjonsfrie og anlegg med konsesjon som blir avgjerande for om det er plass for nye anlegg.

For Gaularvassdraget er det tidlegare gjort vurderingar knytt til sumverknader, jf. her følgjande frå NVE si vurdering av spørsmålet i saka om konsesjonspliktutredning for Grøneng minikraftverk:

"Ved eventuell utbygging av Grøneng minikraftverk, meiner NVE at det, med grunnlag i gjeldande retningslinjer og forvaltningspraksis, vil vere rimeleg å konkludere med at dette er det siste prosjektet og at ytterlegare kraftutbygging i hovudelva frå utløpet i Haukedalsvatnet og vidare inn over i dalføret ikkje vil kunne akseptast, jf. vassressurslova § 34 og § 35 pkt. 5."

NVE sitt vedtak om konsesjonsfritak for Grøneng kraftverk vart påklaga til Olje- og energidepartementet som etter å ha forelagt saka for Miljøverndepartementet opprettheld NVE sitt vedtak. I departementet sitt brev av 16.07.2002 vart det vist til støtte for NVE si vurdering av sumverknader og til konklusjon om avgrensing slik det vert gjort i vedtaksbrevet i saka.

For Døskeland kraftverk i Stordalselva er det NVE si vurdering at tiltaket som einskild prosjekt ikkje medfører negative verknader som i vesentlege grad medverkar til å endre status for sumverknader i det aktuelle vassdragsavsnittet som Stordalselva utgjør. Stordalselva er ei sideelv til Gaula, og det er ikkje planar om andre prosjekter i det aktuelle område per i dag. NVE legg vekt på at utbyggingsområdet ligg innafor klasse 2 i den differensierte forvaltningsplanen og grensar nær opp til klasse 1. Grøneng kraftverk som er vist til ovafor, ligg i klasse 3 som også skal vere ein strengare klasse i høve til vurdering av verknader ved utbyggingsprosjekt.

Hovedkriteria som er lagt til grunn for Gaularvassdraget i Verneplan IV er:

- Type og referansevassdrag
- Kulturminne
- Landskap
- Friluftsliv
- Landbruk
- Vassfauna
- Landfauna
- Botanikk
- Geogfag

Vassressurslova § 35, 1. ledd post 5 og 8, legg føringar for at ein eventuell konsesjon skal bygge på at verneverdiane i vassdraget er vurdert og det skal ligge føre ei grunnngjeving kvifor desse verdiane ikkje vært svekka.

NVE si vurdering av verknader og grunnngjeving ved ei eventuell utbygging av Døskeland kraftverk i høve til refererte hovudkriteria, går fram av drøftinga framanfor.

Oppsummering

NVE meiner det omsøkte prosjektet i Stordalselva slik det framgår av søknaden ikkje i nemnande grad vil påverke vernekriteria for vassdraget i negativ lei. Ei utbygging vil såleis ikkje vere i konflikt med krava i vassressurslova, jf. § 35, 1. ledd, post 5 og 8, for å kunne gi konsesjon til ei utbygging.

Utbygginga vil vidare, med grunnlag i samme vurdering, heller ikkje gi vesentlege negative verknader for allmenne interesser. Tiltaket vi kunne gi positive verknader for grunneigarane og lokalsamfunnet.

I eit verna vassdrag meiner NVE at den naturlege dynamikken med skiftande vassføringar er ein viktig del av elva sin eigenverdi. NVE legg vekt på at det gjennom året er planlagt å sleppe ei differensiert minstevassføring som både for sommar og vinter er høgare enn utrekna 5-persentil sesongverdiar ved inntakspunktet i Stordalselva. Ei slik rikeleg minstevassføring, saman med ei dimensjonering av kraftanlegget som gir ei avgrensa slukeevne, vil etter NVE si vurdering vere særskild viktig for å ta vare på verdiar knytt til naturmiljøet i og langs vassdraget og for oppleving av elva. Med god planlegging og oppfølging i byggetida meiner NVE at tiltaket vil ha avgrensa negative verknader for allmenne interesser.

NVE sin konklusjon

Med krav om at det blir sleppt ei tilstrekkeleg sesongtilpassa minstevassføring, blir utbygging av Døskeland kraftverk vurdert slik at den ikkje vil medføre avgjerande negative verknader på viktige vernekriteria for vassdraget, jf. vassressurslova § 35, første ledd, pkt. 5 og 8.

Etter ei samla vurdering av søknaden meiner NVE at fordelane med det omsøkte tiltaket er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.

NVE gir Døskeland Kraft SUS løyve etter vassressurslova § 8 til å bygge og drifte Døskeland kraftverk. Løyvet vert gitt på nærare fastsatte vilkår.

Dette vedtaket gjelder kun løyve etter vassressurslova.

Forholdet til energilova

Døskeland kraftverk vert knytt til det eksisterande 20 kV nettet med ein 1000 meter lang jordkabel fram til høgspent nettstasjon ved industriområdet nær Sande sentrum. Eigarane av kraftverket vil ved eventuell utbygging inngå avtale med Sunnfjord Energi AS om bygging og drift av høgspantanlegget. Verknader av linjetilknytting er med i NVE si samla vurdering av utbyggingsprosjektet og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshaver er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytting er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar for tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengelig kapasitet og at kostnadsdeling er avklara. Slik

dokumentasjon må ligge føre samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. konsesjonsvilkåra, post 4.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressursloven

Post 1: Minstevassføring

Følgjande data for vassføring og slukeevne er hentet fra konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjonen for Døskeland kraftverk og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	820
Alminnelig lågvassføring	l/s	28
5-persentil sommar	l/s	85
5-persentil vinter	l/s	31
Største slukeevne	l/s	410
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	50
Minste slukeevne	l/s	40

Det er i søknaden lagt opp til ei differensiering av minstevassføring mellom sommar/vinter på høvesvis 100 og 50 l/s. Med slik minstevassføring og ei slukeevne som gir eit maksimalt vassuttak på 410 l/s er midlare årsproduksjon i kraftverket utrekna til 2,9 GWh. NVE legg i konsesjonen til grunn dimensjonering og vilkår om minstevassføring i samsvar med søknad, dvs. at vi på bakgrunn av søknad, innkomne merknader og eiga vurdering fastsett ei minstevassføring på 100 l/s i tida 1.mai til 30. september og 50 l/s resten av året. Det skal etablerast ei måleanordning for å registrere minstevassføringa. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av minstevassføringa skal godkjennast som ein del av detaljplanen. Data skal kunne leggjast fram for NVE og takast vare på så lenge anlegget er i drift.

Der det er pålegg om minstevassføring skal det settast opp skilt med opplysningar om fastsette vilkår for minstevassføring som er lett synlig for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

I kraftverket skal det innstallerast ein omløpsventil med kapasitet på halvparten av kraftverket si maksimal slukeevne. NVE kan eventuelt godkjenne anna teknisk løysing som del av detaljplangodkjenninga dersom denne sikrar dei same omsyn som ein omløpsventil.

Dersom tilsiget er mindre enn det som er fastsett minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket.

Post 4: Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Vi viser til våre merknader ovafor under avsnittet om tilkopling til nett. Dokumentasjon på avklaring med nettselskap må vere på plass før NVE godkjenner aktuelle detaljplanar for bygging av kraftanlegget. Det skal også vere dokumentert at det er tilgjengelig kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart, jf. våre merknader foran under avsnittet "Forholdet til energiloven".

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak (kote)	Moh 300
Kraftstasjon (kote)	Moh 80
Største slukeevne	l/s 410
Minste slukeevne	l/s 40
Vassveg	Nedgravd rørgate
Veg	Kort veg frå eksisterande skogsveg til inntak og kraftstasjon

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga.

Detaljplanar for det samla kraftanlegget skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før anleggsarbeidet blir satt i gang.

Rørgata skal gravast ned på heile strekninga dersom NVE ikkje godkjenner anna løysing av miljømessige omsyn.

Vi viser også til merknader i vilkåra post 6 nedafor, om kulturminner.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir tatt med i konsesjonen sjølv om det i dag synest lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skader eller ulemper som direkte har årsak i tiltaket og må stå i rimelig forhold til omfang og verknader.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Merknader frå Fylkeskommunen kjem inn under dette vilkåret. Vi minner vidare om den generelle aktsomheitsplikta med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det blir registrert kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. vilkåra pkt. 3).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gir heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknader

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdelen i kommuneplanen eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan gjennomførast.

Det må søkjast til Fylkesmannen om nødvendig avklaring etter forurensningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gi vilkår etter forurensningslova.

Forholdet til EUs vanndirektiv i sektormyndighetene si konsesjonshandsaming

NVE har ved vurderinga av om konsesjon skal gis etter vassressurslova § 8 gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 om ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert

alle praktisk gjennomførbare tiltak som vil kunne redusere skadane og ulempene ved tiltaket. NVE har satt vilkår i konsesjonen som er vurdert som egna for å avbøte en negativ utvikling i vassførekomsten, mellom anna krav om minstevassføring og standardvilkår som gir vassdragsmyndigheitene, herunder DN/Fylkesmannen etter vilkåras post 5, anledning til å gi pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnytta av inngrepet til å være større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at hensikta med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimeligheit kan oppnås med andre midlar som miljømessig er vesentlig betre. Både teknisk gjennomførbarheit og kostnader er vurdert.